

# Årsmelding for året 2013/2013

Representantane svara på fem spørsmål om det første året i ungdomsrådet. Representantane vart delt inn i tre ulike grupper med variert alder.

## **Spørsmål 1) Korleis opplever de den første perioden i ungdomsrådet ?**

Fin, flott, lærerik, fasinerande, inkluderande, morosam, artig, bra, interessant, gøy og spennande.

Mange flinke representantar som har arbeid.

Fått mange nye vennar.

Fått eit betre samarbeid med Austrheim ungdomsråd og fått gode minner.

## **Spørsmål 2) Kva har dykk gjort dette året?**

- Demokratiprojekt med tacodialog med kommunestyre og demokratikonferanse
- Nei til ASK kampanje
- Arrangement for barn og unge som t.d. grease party og sjødag
- Tatt imot søknadar og delt ut midlar som t.d. 16. mai feiring til 10. klassane
- Internasjonalt prosjekt med Latvia og Island
- Hatt fornuftig pengebruk
- Skreve utalar til avisar og kommunestyre
- Deltatt og talt i kommunestyremøter
- Deltatt på Ungdomens fylkesting
- Vert aktive med ulike kommuneplanar som trafikksikringsplanen, klimaplanen og kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø
- Deltatt på forskjellige kurs som Langesund- ungdom og fritid, nettverkssamling og ungdomens fylkesting

**Spørsmål 3) Kva kunne vert betre og korleis kunne representantane vert meir aktiv?**

- Meir inkludering av vara medlemmar .
- Meir aktive representantar
- Roligare møter
- Større engasjement i ungdomsrådet
- Fleire kan gje beskjed tidligare visst dei ikkje kjem på møta.
- Representantar tar arrangement og oppgåver som er tildelt meir seriøst.
- Være meir seriøse på møta og vise interesse og engasjement.

**Spørsmål 4) Kva er positivt med ungdomsrådet**

God mat, flotte lederar, sosialt, nye vennar, lærar nye ting, får det på CV og får møte mange kjekke folk.

Har ein seriøs og ikkje seriøs leiar.

Me får være aktive i lokal samfunnet og hjelpe andre ungdomar og få dei opp av sofaen.

Me har ein flink kontaktperson, Katarina.

**Spørsmål 5) Kva må gjerest neste år?**

Fleire gode arrangement og skape eit meir synleg ungdomsråd. Me må ha større respekt for kvarandre og verte meir aktive på sosiale media sånn at folk veit kven me er. Meir variert mat.

**Under møta:** Må me være meir stille, rekke opp handa når me vil sei noko, være seriøse, meir effektivitet og være SMILANDE.